



«MottakerNavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»

Dato: 01.04.2014
Vår ref.: 2014/12299-19
Saksbehandlar: einhuns
Dykkar ref.: «Ref»

Utlysing av middel til normalladestasjonar - burettslag og bustadsameige

For å redusere utsleppa frå transportsektoren med 20% innan 2020 støttar Hordaland fylkeskommune mellom anna utbygginga av ladeinfrastruktur for elbilar. I tråd med Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030 set vi fokus på lademoglegheiter i burettslag og bustadsameige, der den einskilde ikkje på eige hand kan sette opp privat ladeuttak.

Burettslag og bustadsameige kan søkje om tilskot til etablering av ladestasjonar, her definert som ein ladeboks/-stolpe med to uttak og to parkeringsplassar.

Stasjonane må oppfylle følgjande krav:

- Ladeboksen/-stolpa eller området er mogleg å låse.
- Ladeuttaka er av type 2 mode 3.
- Installasjonen og utgifta er endeleg dokumenterte innan 30. november 2014.

Fyrste tildelingsrunde har søknadsfrist 30. juni.

Stønaden dekkjer opptil kr. 25 000 per ladestasjon (ein stolpe eller boks med to uttak og to parkeringsplassar), men ikkje meir enn 75% av totalkostnadane. Fylkeskommunen vil så langt det er mogleg ta omsyn til talet på einingane i burettslaget/bustadsameiget. Viss det vert att middel vil vi ha ein utlysing til hausten òg.

Tilskot vert utbetalt etter stadfesta installasjon ved autorisert elektrikar og innsendt rekneskap.

Kontaktperson: Einar Aalen Hunsager, e-post enar.aalen.hunsager@hfk.no, telefon 55239322.

Send søknadsskjema med vedlagt oversiktskart under overskrifta «LADE14BU + Organisasjonsnamn» til Hordaland fylkeskommune: hfk@hfk.no.

Gudrun Mathisen
leiar

Einar Aalen Hunsager
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Gudrun Mathisen
Per Hjalmar Svæ
Bjarte Brask Eriksen

Vedlegg

- 1 Utlysing av middel til normalladestasjonar - burettslag og bustadsameige
- 2 image001
- 3 image002
- 4 image003
- 5 image004
- 6 HFK LADE14.1 - bu_distributed_0001